



Arbeidstilsynet  
Postboks 4720 Sluppen  
7468 TRONDHEIM

Referansar:  
Dykkar:  
Vår: 16/874 - 18/15908

Saksbehandlar:  
Lisbeth Toppe Alvær  
lisbeth.alvaer@radoy.kommune.no

Dato:  
19.12.2018

## Tilsyn - tilbakemelding

Viser til tilbakemelding frå Arbeidstilsynet 16.10.18, samt samtale med sakshandsamar Målfrid Oppedal 15.11.18, der informasjon gitt i tilbakemelding 05.10.18 vart utdypa. På denne bakgrunn er det lagt til grunn at det berre er spørsmål om dusj- og garderobeforhold, samt informasjon om ny brannstasjon, som ikkje er tilfredsstillande besvart.

Som orientert om, vil Radøy brannvern, med verknad frå 01.01.19, bli del av Nordhordland brann og redning (NHBR). Det betyr at ansvar for drift av brannvernet vert overført til Lindås kommune gjennom verksemderoverdraging. NHBR vil dekke kommunane Lindås, Meland, Modalen, Austrheim og Radøy. Hovudbrannstasjon er lokalisert i Lindås kommune, om lag 2 mil sør for kommunenesenteret Manger i Radøy kommune.

### ***Midlertidig løysing for dusj/garderobe***

Det er eit ulikt behov for tilgang til dusj- og garderobefasilitetar for feiar og brannmannskap. Radøy brannvern har 1 feiar og om lag 20 brannmannskap (deltid). Feiar har periodevis behov for tilgang til tilfredsstillande dusj- og garderobefasilitetar om lag kvar dag. Sesongen for aktiv feiring er no over, og feiar vil frå 01.01.19 kunne nytte dusj- og garderobefasilitetar ved hovudbrannstasjonen i Lindås kommune, ettersom Radøy brannvern frå nyttår vert ein del av NHBR.

For brannmannskap er behovet meir sporadisk, knytt til øvingar og hendingar. Det har vore krevjande å finne tilfredsstillande dusj- og garderobeløysing for brannmannskapet. Løysinga som vart informert om i tilbakemelding 05.10.18 viste seg likevel ikkje gjennomførbar, fordi leverandør ikkje kunne levere iht. bestilling, jf. kontakt med avd.leiar Moduler Bygg og Anlegg i Cramo. Som alternativ har det vore vurdert å sende brannmannskap til hovudbrannstasjonen i Lindås for å dusje etter endt oppdrag/øving. Dette er likevel ikkje ei foretrukket løysing, fordi det vil påverke brannberedskap i Radøy kommune i den perioden brannmannskap returnerer til hovudbrannstasjon for å nytte dusj- og garderobefasilitetar.

Som ei midlertidig løysing i påventa av at brannstasjon vert realisert, har Radøy kommune bestilt sanitærbrakke (dusjbrakke) med tre komplette bad inkl. vannklosett, dusjnisje, vask, mm. Dette er ei

midlertidig løysing som både verneombod og bedriftshelseteneste vurderer som tilfredsstillande, jf. uttale frå verneombod 26.10.18 og Salutis 26.10.18.

Rutina ved utrykning er slik at alle forureina klede, hjelmar og sko vert tatt av og lagt i sikre sekkar som vert forsvarleg lukka på skadestaden, og saman med slangar, maskar mm, frakta til vask. Mannskap tek på reine klede som følgjer bilane, og innsida av biler vert betrakta som rein sone. Hud skal som hovudregel vere skjerma for røyk og sot under oppdrag, og evt. vaskast før transport. Mannskap kan så dusje i sanitærbrakke så snart dei er tilbake ved stasjonen.

### **Informasjon om status og framdrift for etablering av ny brannstasjon**

Informasjon om status og framdrift for etablering av ny brannstasjon, samt forventa tidspunkt for ferdigstilling, er utdypa i telefonsamtale med Oppedal 15.11.18. Status er som følgjer:

1. *Reguleringsplan:* Som meldt til Arbeidstilsynet 05.10.18 er arbeidet med reguleringsplanen i sluttfasen, og straks klar for 1. gangs offentleg høyring. Arbeidet starta våren 2018, og er forventa ferdig tidleg i 2019. Omregulering av området er ein føresetnad og eit nødvendig steg i prosessen før bygging av brannstasjon skal kunne realiserast. Som tidlegare meldt er det Multiconsult som står for denne prosessen.
2. *Prosjektering mm.:* I tråd med økonomiplanen for Radøy kommune er prosjekteringsarbeidet planlagt starta og ferdigstilt i 2019. Det er sett av midlar i investeringsbudsjettet for 2019 til dette arbeidet. For å sikre ei effektiv ressursutnytting har det på eit tidleg tidspunkt vore vurdert samlokalisering av fleire tenester ved eit nybygg for brannvernet. Både teknisk drift og renovasjonsselskap stasjonert på Manger vil kunne dra nytte av samlokalisering, og sondering starta våren 2018.
3. *Bygging og ferdigstilling av brannstasjon:* Ettersom bygget ikkje er ferdig prosjektert, er det utfordrande å anslå nøyaktig tidspunkt for ferdigstilling. Det avgjerande er at det er sett av midlar i økonomiplanen til arbeidet. Prosjektering i tråd med budsjettet kostnadsramme vil starte på nyåret 2019, med påfølgande anbodsprosess og byggjepериode.

Arbeidstilsynet peikar i si tilbakemelding 16.10.18 på stort avvik mellom Norconsult sitt notat om forventa kostnad og midlar sett av i økonomiplanen. Notatet er basert på eit oppdrag tidleg i fasen, der kommunen ba om hjelp til å identifisere beste lokalisering for bygging av stasjon. I den samanheng vart det diskutert løst rundt kva funksjonar som var *ideelt ønskeleg* i ein ny brannstasjon, og Norconsult lagde eit enkelt kostnadsoverslag basert på innspela i møtet. Dette notatet er ikkje nytta aktivt i det vidare arbeidet, fordi forventa kostnad var langt høgare enn kva som er realistisk

Håper tilbakemeldinga gir tilfredstillande informasjon, og ber Arbeidstilsynet ta kontakt dersom det er uklarheter, eller behov for ytterlegare opplysningar.

Radøy kommune takkar Arbeidstilsynet for å ha gjennomført tilsyn på eit viktig tenesteområde.

Med helsing

Lisbeth Toppe Alvær  
kommunalsjef drift og forvaltning

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**

Salutis 26.10.18  
VS Midlertidig dusj løsning  
Info Arnpro 550 Sanitærbrakke  
Produksjonstegning sanitærbrakke  
Faktura sanitærbrakke

**Mottakarar:**

Arbeidstilsynet    Postboks 4720 Sluppen                                      7468    TRONDHEIM